



## Bryne kunstforening

### Bryne kunstforening anno 2030 - samtale om framtida

#### Etter årsmøtet i BKF 19.4.2022

Vilkåra for å driva ein dugnadsbasert forening er i endring. Folk stiller opp på dugnad, men det er vanskeleg å rekruttera til posisjonar som krev vedvarande ansvar og innsats. Det lukkast ikkje å få på plass ein leiar til Bryne kunstforening for 2021. Medlemslista til BKF røper høg gjennomsnittsalder, publikum på utstillingar og arrangement er heller ikkje ungdommar. BKF har ei stor kunstsamling som krev mykje vedlikehald og ganske store ressursar for utnytta godt til formidling.

Det me vil at Bryne kunstforening skal vera i 2030, må me arbeida for i dag. Her er det nokre alternative framtidsbilete som kan vera utgangspunkt for samtalen.

#### Organisering. I 2030 er BKF:

- A) Ein medlemsforening basert på dugnad og styreverv som ikkje er honorert. Det er meir vanleg å betala for profesjonelle tenester, kuratering, lyd/lys, til medlemmer av kunstnarleg råd mv. Omtrent som no?
- B) Ein medlemsforening basert på dugnad, med godtgjersle til styreleiar, eventuelt eit arbeidsutval i styret.
- C) Ein medlemsforening basert på dugnad med ein halv stilling som kunstnarleg driftsleiar som organiserer verksemda, skriv søknadar, rapporterer, følger opp kunstnarleg råd mv.
- D) Ei ideell stifting utan medlemmer. Stiftinga rekrutterer folk fritt til innsats og avgjer eventuelt godtgjering til nøkkelpersonell. Utstillingar/arrangement mv er organisert som sjølvstendige prosjekt med eige budsjett.

#### Omdøme og profil. I 2030 har BKF:

- A) Ord på seg for høg kunstnarleg kvalitet og stor variasjon innafør ei tradisjonell ramme for kunstformidling. Jamnt og trutt gode utstillingar med god omtale. Attraktive særleg for regionale kunstnarar. Stor variasjon i publikumsoppslutning. Omtrent som no?
- B) Ord på seg for å ha ein markant og dristig profil som ikkje liknar det som elles finst i regionen. Stor variasjon i format og bruk av ulike formidlingsarenaer. Ikkje alltid like populært blant anmeldarar og etablerte kunstmiljø. Attraktive for eit visst segment av kunstnarar. Ser ut til å ha appell hos eit yngre publikum.
- C) Ord på seg for å vera litt kjedelege og trauste – med stor vekt på lokale kunstnarar for å sikra økonomi og godt publikumsbesøk. Attraktive først og fremst for lokale kunstnarar.

#### Samlinga. I 2030 har BKF:

- A) Samling på ca 130 verk som ikkje vert optimalt lagra på loftet i mølla. Det blir ikkje kjøpt inn nye kunstverk. Samlinga er lite brukt i kunstformidlinga. Omtrent som no?
- B) Redusert samlinga til ei kjernesamling på ca 50 verk med høg kunstnarleg kvalitet og stor historisk verdi for foreninga. I tråd med vedtak på årsmøte 2021. Samlinga vert forsvarleg lagra i eit magasin på loftet i Mølla. Samlinga er lite brukt til formidling.
- C) Ei kjernesamling med ca 50 verk (som B), men med aktiv bruk av samlinga til formidling f eks kunstsirklar, utlån, utstillingar, foredrag, opplegg for ungdom mv.

D) Avvikla samlinga for å konsentrera ressursar og økonomi til aktiv formidling av samtidskunst.

Sjå gjerne på handlingsplanen for 2021-22, den ligg på [nettsida](#). Etter kvart kjem også forslag til handlingsplan for 2022-23.

Foretrekk du A, B, C eller D og kva er samanhengen mellom dei ulike retningsvala og konsekvensane av dei? Ser du andre spennande framtidsbilete for foreninga.